

Herand Bygdelag

Årsmelding 2015

Det ordinere årsmøtet i Herand Bygdelag vart halde 22. mars 2015 .
Etter årsmøtet har styret for Bygdelaget hatt følgjande samansetting:

Leiar: Sigmund Eiken
Nestleiar: Kaia Gulbrandsen
Kasserar: Gunnar Dalseth
Skrivar: Marta Bergstø
Styremedlem: Sonja Irene Skarde
Styremedlem: Kenneth Vikane
Styremedlem: Ria Haase
Varamedlem: Tone Margrethe Belsnes
Varamedlem: Marit Huus
Varamedlem: Jan Tore Huus
Varamedlem: Arjen L.H.Stolk

Frå oktober 2015 då Ria Haase flytta til Ullensvang, gjekk Marit Huus inn som fast styremedlem i Herand Bygdelag.

Gunnar Dalseth er ansvarlag for utleige av lokala i Herand Kulturhus.

Sidsel Haugen er varastyremedlem i Jondal Frivilligsentral.

I 2015 hadde Bygdelaget ingen representant i styret for Herand Omsorgsbustader.

Johan Haugen har vore Bygdelaget sin representant i styret for Herand Aktiesagbruk.

Me valde Kenneth Vikane til å representera Bygdelaget på Generalforsamlinga til saga.

Kaia Gulbrandsen sit i bladstyret for Herand Bygdeblad.

Sverre Haugen er driftsansvarleg for Herand Båtbyggarmusèum.

Sigurd Johannes Traa har ansvar for www.herand.no

Styrearbeid

Året starta med ope møte 13.01.15 «Koordinering og samarbeid om ulike tilskipingar i bygda», der representantar for alle lag og organisasjonar var inviterte til å delta. Styret har hatt 11 styremøter i 2015, pluss tre ilag med Herand Landskapspark med tanke på evt samanslåing. Dei to laga hadde og ansvar for eit felles oppsummeringsmøte av sommarsesongen der dei oppmoda alle lokale aktørar innan reiseliv om å møta. I tillegg kjem arbeidsmøter i samband med gjennomføring av Bygdedugnad og Herandsdagar.

Båtbyggarmusèustaket: Bygdelaget har søkt Fylkeskommunen om å restfinansiera dette. Me har bestemt at taket skal restaurerast våren 2016.

Meieriet: Det vart sett ned ein ny septiktank våren 2015.

Herand Kulturhus:

Me leiger ut til to lager i den tidlegare barnehagen.

Me har brukt dei gamle kjøkenmøblane i vaskerommet og til lager under trappa til gymsalen. Ein del utstyr er lyst ut på finn.no og selt i løpet av året. Møterom og gymsal er brukt av mange lag og organisasjonar, og av enkeltpersonar. Hausten 2015 var me medarrangør av to førstehjelpskurs. Verksemdar i bygda bidrog til hjartestartarskåp / førstehjelpsutstyr.

Badestranda: Bygdelaget har fornya avtalen for badestranda, og betalar kr.4.000,- pr. år til grunneigar.

Bygdedugnaden

Trass i dårleg vèr, møtte 62 vaksne og 10 born til Bygdedugnad laurdag 25.april, og gjorde ein flott jobb! K&F laget serverte heimelaga graut og kaker i bedehuset.

Det vart utført mykje dugnadsarbeid mange stader i bygda, som mellom anna:

- Kyrkjegarden: Her var 2 vaksne og 4 konfirmantar i sving med vårpuss og rydding.
- Det vart og bygd ein kompostbinge her.
- 4H rydda fint etter FV 550, og ved huset på Sveleite.

I sentrum vart det rydda rundt bosshuset og i badefjóra etter vinterstormane.

Båtbyggarmusèet fekk og sin vårpuss.

Haldor Tuvinn stilte med traktor og tilhengar, og kørde alt til deponiet i Jondal.

- I Bedehuset vart maling av rom i 2. høgda utført.
- Det vart rydda ved helleristingsfeltet, og utført ein del arbeid på kulturstiane på Hellerane, Eikje og Samland.
- Ved Herand Kulturhus var idrettslaget engasjert med å gje treningsutstyret og ballbingen ein vårsjekk. Vestibylene vart reingjort, og blomabed og uteområdet vart gjort klart til sommaren.

Styret takkar alle for innsatsen med å gjera bygda innbydande for alle, både fastbuande og tilreisande. Velkommen tilbake på dugnad i 2016!

«Sommarjobb»: Styra i Bygdelaget og Landskapsparke samarbeidde om å tøma boss og vatna blomakorgene som Bygdelaget hadde kjøpt og plassert rundt omkring i bygda. Me sette opp ein rulleringsplan på dette.

Herandsdagane 3.-5.juli 2015:

Bygdelaget koordinerte arbeidet med Herandshelga, Ved hjelp andre lag og organisasjonar, dyktige, frivillige hjelparar, og strålande vèr, vart den ein suksess.

Fredag 2.juli var det familiequiz i Meieriet.

Laurdag var det eit allsidigt program, litt for ein kvar smak. Margreta S. Eiken var konferansier.

Anne Valborg Tolås og Hilde Danielsen m.fl deltok på opninga.

Trond Vikane synte gamle fotografi på storskjerm i Kulturhuset.

Klatring og rappeling med Folgefonn Breførarlag ved Vasselheldren / skipsheldren.

Herand Idrettslag arrangerte utandørs leikar.

Spasertur til Eikjetunet med Einar Samland som guide.

Her var det ope lefsebakeri. Salsbod i Kulturhuset.

Husflidskrokjen hadde open butikk, og markerte 5 årsjubiléumet sitt.

I Båtbyggjarmusèet ved Båthamna var det ope musèum.

Luren 4H inviterte til natursti, leikar, lappar og kaffi på bålpanna på Sveleite.

Tre Tradisjon heldt ope verkstad.

Dagen vart avslutta med nostalgisk 70-talsfest i Herand Grannahus.

Sundag: Gudsteneste i Herand Bedehus. Det er vorte tradisjon at Herand Musikklag deltek. Etterpå er det alltid kyrkjekaffi i gardstunet på Tveite. Kl.12.00-14.00 var det ope utstilling i Herand Kulturhistoriske senter. Frå kl.14 og fram etter var det middagsservering med bufèt og grilling på Vassel Gard.

Haustmarknad: Styret bestemte å kutte denne ut i år, delvis grunna arbeid med nytt kjøken, Det vart bestemt at me vidare vil skipa til Herandshelg og Haustmarknad vekselvist anna kvart år.

Bygdekafè

I samarbeid med andre lag i bygda, har Herand Bygdelag også dette året arrangert Bygdekafè på Herand Kulturhus, i alt 5 stk. Overskotet går til Bygdelaget.

Andre tilskipingar som gjev Herand Bygdelag inntekt (el utgifter) er 17.mai-feiring og Jonsok-feiring. Her vert det valt nye komitèar kvart år som gjer ein stor innsats. Pluss juletreffesten 2.juledag, der ansvaret rullerer mellom dei 3 rodene i bygda.

Julebasar

Den årlege basaren vart arrangert 29. desember under leiing av Sigmund Eiken. Det vart selt loddar på bok i forkant, og mange verksemder og enkeltpersonar støtta opp om gevinster. Inntekt frå basar og loddsal på bok vart kr.47.910. Styret takkar alle som gav gevinster, tok loddar på bok og for godt frammøte og oppslutning om basaren.

Herand Bygdeblad

Redaksjonen for bygdebladet har også i 2015 gjort ein stor dugnadsinnsats med å produsera og distribuera fire flotte nummer av det populære bladet. På slutten av året hadde me 316 abonnentar, av desse 17 gratis til ymse institusjonar, offentlege kontor og annonsørar. Inntekter gjennom bladpengar og annonser var kr.85.190. Utgifter (trykking og porto) kr.63.238. Nettoutgifter: kr.21.951. Styret takkar bladredaksjonen for framifrå innsats!

Velkomstgåver

Herand Bygdelag har delt ut 9 velkomstgåver til nyinnflytta i Herand. Dei har fått blom og 1 års abonnement på Herand Bygdeblad.

Nytt kjøken

På årsmøtet i 2014 vart det bestemt at kjøkenet i Herand Kulturhus skulle rehabiliterast / fornyast. Bygdelaget valde ei kjøkengruppe til å jobbe med planlegging og gjennomføring av dette prosjektet. Desse er med i gruppa : Sigmund Eiken, Arne Bergstø, Kaia Gulbrandsen, Hanne Elisabeth Hesthamar, Bjørg Samland, Marta Samland.

Arbeidet starta i mai 2015. Kjøkenet stod klar til bruk i romjula 2015.

Bygdelaget har fått kr.500.000,- i støtte.

Antal dugnadstimar totalt: ca.1.100 timar. Det var 24 personar som deltok. Resultat: Nytt storkjøken med vaskesentral, nymåla sal og møterom, klart utleigerom, nye vindauga, bokhyller i gangen ved trappa, skåp vaskerom / bakgang.

BYGDELAGET RETTAR EI STOR TAKK TIL ALLE SOM GJORDE EIN FRAMIFRÅ DUGNADSJOPP !!!

Herand, 12. mars 2016

Sigmund Eiken

Sonja Irene Skarde

Marit Huus

Kaia Gulbrandsen

Kenneth Vikane

Gunnar Dalseth

Marta Bergstø